

**Frå:** tone fløysand <t.fl@live.com>  
**Send:** onsdag 23. februar 2022 15:40  
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Kopi:** sfvlpost@statsforvalteren.no  
**Emne:** Re: Tilsvar til oppheving av vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland - gbnr 418/9 Villanger

Hei

Ja, dette er vårt tilsvar. Kunne kanskje lagt ved bilete av driftsbygning før og etter riving. Det kan vi gjere om det er naudsynt.

Mvh Arvid Villanger

Få [Outlook for Android](#)

---

**From:** Tone Margrethe Bærland Furustøl <[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)>  
**Sent:** Wednesday, February 23, 2022 2:35:03 PM  
**To:** tone fløysand <[t.fl@live.com](mailto:t.fl@live.com)>  
**Cc:** [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) <[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)>  
**Subject:** Tilsvar til oppheving av vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland - gbnr 418/9 Villanger

Hei.

Vi viser til dykkar e- post av 23.02.2022 til Statsforvaltaren i Vestland med kopi til Alver kommune.

Vi forstår det slik at e-posten er tilsvar til oppheving av vedtak frå Statsforvaltaren slik kommunen har gitt dykk moglegheit til i vårt skriv av 22.02.2022. Dersom det er ønskeleg å ytterlegare supplere dykkar tilsvar innan gjeve tilsvarfrist den 08.03.2022, bes det om ein tilbakemelding.

Oppheving av vedtaket frå Statsforvaltaren og dykkar tilsvar vert gjennomgått av administrasjonen.

Oppheving av vedtaket frå Statsforvaltaren er planlagt handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 23.03.2023.

Denne e-post er sendt som kopi til Statsforvaltaren i Vestland til orientering - Dykkar ref. 2021/16094 - Oppheving av vedtak i sak 20/7629 - gbnr 418/9 Villanger- Alver kommune.

**Tone Furustøl** | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

---

**Frå:** tone fløysand <[t.fl@live.com](mailto:t.fl@live.com)>  
**Send:** onsdag 23. februar 2022 13:45  
**Til:** [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

**Kopi:** Tone Margrethe Bærland Furustøl <[tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no)>

**Emne:** Sak 20/7629-22/15187 "Oppheva vedtak frå Statsforvaltaren"

Eg vil med dette påpeika a) feil i grunnlaget for statsforvaltaren si avgjerd, og 2) Grunngeving for at ulempene med våningshuset på garden er klart større enn fordelane.

#### **A) Feil i grunnlaget for statsfovaltaren si avgjerd.**

I statsforvaltaren sitt vedtak heiter det at «driftsbygninga ligg kun 20 meter frå våningshuset». Det er i dag ingen driftsbygning på garden. Alver kommune sette riving av den falleferdige driftsbygningen som føresetnad for fradeling av våningshuset. Eg kunne ikkje sjølv riva ein driftsbygning med asbestplater dinglende frå taket, hol i gulv, veggar og tak, knuste vindauge og sundslitne dører, og har betalt Recover kr. 75000,- for å sanera det farlege bygget. Den gamle driftsbygningen er nede og ny driftsbygning er planlagt ein annan stad på garden.

Statsforvaltaren stiller også spørsmål ved løyve til utslepp og vegrett, noko som kan dokumenterast (sjå vedlagte utskrift frå grunnbok om bruksrett og vegrett, samt godkjenning frå teknisk sjef om avløp).

Marit, som altså er oppvokst i våningshuset har ein tinglyst rett til veg. Dette ligg i grunnboksutskriftene. Hennar born og søskjen har også bidrege til vedlikehald av vegen. Når det gjeld retten til avløp, er dette også dokumentert i vedlegga her. Kloakk og sandfiltergrøft vart etablert då Marit "fekk" huset av foreldra sine. Sandfiltergrøfta har fungert som den skulle. Dersom det i ettertid har oppstått noko galt med sandfiltergrøfta, må dette ha skjedd då Kåre Villanger, onkelen til Bjørn Villanger, stod ansvarlig for ein vassleidning som vart gravd tvers over garden min og igjennom der Marit har sandfiltergrøftene til kloakken. Gamle steingrøfter vart då raserte. Desse grøftene har aldri blitt gravd skikkeleg på og landskapet er ikkje blitt tilbakeført og jevna til igjen. Vassleidningane deira står også til hinder for at eg kan ta oppatt grøftene som gjekk der. Eg har søkt om tilskot til å ordna grøftene, men tek ikkje risikoen på å leggja grøftene på nytt der vassleidningane til Bjørn si slekt går.

#### **B) Ulempene med våningshuset på garden er klart større enn fordelane**

Våningshuset utgjir i dag ei driftsutgift for garden. Dette er kostnader som kjem i vegen for anna nødvendig investering på garden. Det er i dag behov for vedlikehald på våningshuset. Marit Villanger (mi syster), "fekk" våningshuset hos foreldra mine i 1993. Våningshuset hadde då kun innlagt vatn på kjøkkenet, og det fanst ikkje vassklosett eller bad. Kagedo og vaskefat i kjellaren var fasilitetane. Marit har, etter at ho fekk huset, lekta ut kledningen på utsida for å isolera huset, ho har investert i bad med vannklosett og dusj, og løfta taket på huset for å få rom på loftet. Ho investerte for over ein halv million i våningshuset, noko som vart rekna som ein stor investering den gong. Det er no 40 år sidan desse investeringane vart gjort, og Marit sin son som er tømrrar, ønskjer å skifta vindauge og dører som er knuste. Det er då eit dilemma kven som skal ta kostnadane. Eg har nyleg handla inn 5 vindauge og to terrassedører som må skiftast på Gardshuset. For meg, og drifta på garden er det ei klar føremon at den som har investert i våningshuset og som har ei rettsgyldig bruksrett til huset i over 40 år fram i tid, -også tek kostnadane med vedlikehald. Eg sit i dag med ein gard der det er behov for investering i redskapshus, ny driftsbygning, grøfting av gamle øydelagde steingrøfter, gjerder (det er ikkje eitt heilt gjerde på garden), investering i fe og alle reiskapar som trengs for å driva ein gard. Det er ingen tvil om at det gamle våningshuset frå 1800-taket utgjir ei stor driftsulempa for meg. Marit har ein moralsk og juridisk rett til huset, og hverken eg eller mine etterkomarar får brukt huset til Marit. Vi ønskjer alle at hennar bruksrett skal bli ein eigedomsrett.

I rettsaka omdelsløsning mot Bjørn Villanger, vart verdien på våningshuset sett til kr 0,-. I dag vil eg heller sei at verdien er i minus, etter at eg måtte forsikra det då fleire vindauger vart knust same dag som høgsterett sette endeleg punktum for spørsmålet om min odelsrett og rett til å kjøpa garden tilbake frå Bjørn Villanger.

Mvh. Arvid Villanger

Under er våningshuset før og etter Marit "overtok" det frå foreldra

Sendt fra min iPad